

To lag vidare til 16-delsfinale

01.08.2012



Glade jenter gjekk vidare i Norway Cup

**Både G-13- og J15/16-laget vann sine kampar med 2-1 i formiddag, og dermed er begge laga klar for nye spennande kampar i kveld. Det vert meldt om sydlandsk stemning og farleg høgt spenningsnivå blant dei mange supporterane på sidelina.**



J-15/16-laget spela mot Vågå. Rosendal viste seg tidleg i kampen som det beste laget og spelte seg til målsjansar. Mot spelets gang var det Vågå som tok leiinga midt i omgangen. Etter det fortsette Rosendal å produsere målsjansar, og endeleg, like før pause lukkast det. Målfarlege Julie Skeie Olsen noterte seg for nok ein fulltreffar. Etter pause fortsette Rosendalsjentene å dominere utan å få utteljing trass i store sjansar. Då publikum var byrja å innstilla seg på ekstraomgangar sat ballen endeleg i nota. Tina Skår var målscorar. Dette vart sluttresultatet, og jublante kunne jentene konstatere at det vert ny kamp i kveld.

Skikkeleg peptalk i pausen. Trenar Magne Skår gjev instruksjonar.

G-13-laget møtte Skiens Grane. Dette viste seg å vera eit godt lag. Dei var spelande, og utover i første omgang vart Rosendal/Uskedal-spelarane springande mykje mellom i følge rapportane. Men dei forsvarte seg godt, og Skiens Grane kunne dermed berre gå til pause med ei knapp 1-0-leiing. I starten av andre omgang fortsette Skiens Grane presset, og keeper varta mellom anna opp med ei kjemperedning for å hindre dei i å auke leiinga. Så midt i omgangen SKJER det!! Kristoffer Eskeland set inn to kjappe mål for Rosendal/Uskedal, og dermed er laget brått i leiinga. Denne leiinga heldt dei kampen ut, og dermed er også dei klar for 16-dels-finale i kveld kl.19.30. Då møter dei Ullern 1 eller Flint. Sterkt levert!!

Foto: Privat/Rosendal Turnlag

Tekst: Thor Inge Døssland



Sterk snuoperasjon av G-13-gjengen!!